

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 13.04.2005
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 01.03.05 – 08.04.05**

Styresak 40/05 O

Styremøte 25.04. 2005

Administrerande direktør si orientering pkt. 9

Bakgrunn

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneholder

- nye saker tilsendt i perioden 01.03.05 – 08.04.05
- eldre saker dersom desse ikke var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

Del 1

Tilsynsmyndighet	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen ⁽¹⁾	02.02.05	Møte med leiinga i det regionale helseføretaket og med ekstern revisor. Riksrevisjonen utøvar selskapskontroll ovanfor helseføretaka etter helseføretakslova § 45. Etter Riksrevisjonen sine retningslinjer skal det jamleg vere møter med dei selskapa som fell inn under kontrollen og i brevet er det bedt om eit møte med leiinga i Helse Vest RHF og eit møte med føretaket sin eksterne revisor.	Møta fann sted torsdag 7. april 2005. I møtet med leiinga i Helse Vest var det fokus på følgjande forhold: <ul style="list-style-type: none"> • Føretaket sitt økonomiske resultat • Forvaltninga av HFa • Revisjonsavtale med ekstern revisor • OPS-avtaler • Saker av vesentleg betydning • Føretaket sitt forhold til og bruk av private avtaler • Internkontroll/intern

			<p>revisjon</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etablering av felles IKT-eining • Avtale mellom Apoteka Vest HF og dei andre helseføretaka i regionen
	10.02.05	<p>Retningsliner vedrørande bistillingar ved private klinikkar/sjukehus.</p> <p>Riksrevisjonen gjer ei undersøking av om dei regionale helseføretaka har utarbeidd interne retningsliner eller rutinar for dei tilsette i helseføretaksgruppa med omsyn til stillingar, eigarinteresser eller styreverv ved private klinikkar/sjukehus. Det blir bedt om at kopi av eventuelle retningsliner blir sendt Riksrevisjonen.</p> <p>Samstundes ønskjer ein opplyst om helseføretaksgruppa fører oversikt over dei tilsette som har slike bistillingar.</p>	<p>Svar på førespurnad sendt 8. mars 2005. I brevet er det vist til styresak 044/03 – <i>Personalpolicy – ansattes supplerende arbeidsforhold/engasjement er/bistillingar</i>. I tillegg er det gjort greie for at helseføretaka har hatt tilsvarende sak til behandling i sine respektive styrer, og at helseføretaka har lagt inn dei etablerte retningslinene ved nytilsettingar.</p> <p>Det er vidare vist til at det er etablert standard avtaler for tilsetting med klare retningsliner for eventuelle bistillingar, og at helseføretaka har gjennomført kartleggingar for å klargjere eventuelle bistillingar den einskilde medarbeidarar innehavar.</p> <p>I etterkant av kartlegginga har det vore behov for/vil vere behov for individuell gjennomgang med dei medarbeidarane dette gjeld og som blir ramma av dei nye retningslinene. Prosessar kring dette er venta avslutta i løpet av våren 2005.</p>
	08.04.05	Helse Vest er blitt bedt om å rapportere til HOD om omfang og tiltak omkring bierverv. Riksrevisjonen ber om at desse rapporteringane og eventuelt annan underlagsdokumentasjon blir sendt Riksrevisjonen.	Svarfrist: 29. april 2005.

	14.02.05	<p>Medisinsk-teknisk utstyr i sjukehus – forvaltningsrevisjonsprosjekt.</p> <p>Riksrevisjonen gjennomfører ein forvaltningsrevisjon som ser på einskilde sider av MTU ved dei somatiske sjukehusa. I samband med dette ønskjer Riksrevisjonen informasjon om dei regionale helseføretaka sin eventuelle rolle, og ein ber om opplysingar om totale investeringar i MTU i dei offentlege sjukehusa i regionen og årleg framtidig investeringsbehov. Vidare ber ein om opplysingar knytt til om Helse Vest har gjort noko i forhold til helseføretaka når det gjeld planlegging av investeringar og opplæring generelt eller for MTU spesielt.</p>	Svar på førespurnad sendt 7. mars 2005. I svaret er det vist til at det i 2004 til saman er investert kr. 261 376 679,01 i medisinsk teknisk utstyr i helseføretaka i Helse Vest. I tillegg er det gitt opplysingar om at Helse Vest har laga prosedyre for avgjerd om og gjennomføring av investeringsprosjekt.
	15.02.05	<p>Dei regionale helseføretaka sine revisjons- og rådgivningsavtaler med ekstern revisor.</p> <p>Riksrevisjonen har samanlikna gjeldande revisjonsavtaler med den opphavlege anbodsinnbydinga kunngjort av departementet hausten 2001.</p> <p>Riksrevisjonen peikar på at det ikkje er samsvar mellom kontraktspris, og det honorar som blei godkjent i føretaksmøtet, og det blir bedt om ei utgreiing om forholdet.</p> <p>Når det gjeld prisjusteringar reiser og Riksrevisjonen spørsmål ved om det er samsvar mellom etterhald i avtalen og føresetnader i anbodsinnbydinga.</p> <p>Vidare er det bedt om innsending av alle kontraktar/tingingar som gjeld tilleggstenester frå ekstern revisor har levert til helseføretaksgruppa.</p>	Svar på førespurnad sendt 7. mars 2005. I svaret er det gjort greie for etterhald om prisjusteringar og særskilde avtaler om utføring av tilleggstenester. Det er ikkje inngått slike avtaler. Det er vidare gjort greie for at mykje av det arbeid som det elles er fakturert for er møter revisor er bedt om å delta i og avklaringar på einskilde problemstillingar som ikkje er enkle for andre å setje seg inn i på kort tid.
	16.03.05	Riksrevisjonen ber om at det blir utarbeidd ein oversikt over alle bestillingar/arbeider/revisjonar,	Svar på førespurnad sendt 31. mars 2005. I svaret er det gitt ein oppstilling som

		også munnlege, som gjeld innkjøp av tilleggstenester fra revisor. Svarfrist: 1. april 2005.	førespurd fordelt på føretak.
	23.02.05	<p>Tilskot til psykisk helsevern. Riksrevisjonen vil for 2004 følgje opp tilskot til psykisk helsevern, og det er vist til styringsdokumentet for 2004 kor det er gjort greie for kva forhold innanfor psykisk helsevern som det skulle leggjast vekt på i 2004.</p> <p>Riksrevisjonen ber om at det blir gjort greie for status.</p> <p>Svarfrist: 11. mars 2005.</p>	<p>Svar på førespurnad sendt 10. mars 2005. I brevet er det gjort greie for status på følgjande punkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nedbygging eventuelt nedlegging av enkelte institusjonar må ikkje gjennomførast før alternativ for pasientane er etablert. • Produktivitetsauke innan psykisk helsevern forventes framleis. • Mål å få redusere ventetid for vurderingssamtale for barn og unge til 10 dagar. • Etablering og vidareutvikling av tilbod til pasientar med alvorleg spiseforstyrring. • Særleg prioritet til utvikling av behandlingstilbod til mennesker med dobbeltdiagnosar, tilbod innan voldsproblematikk og alvorlege traumer, samt oppfølging av personar etter forsøk på sjøvmord. • Dei regionale helseføretaka må ha ei styringsmessig oppfølging av utvikling av tal årsverk på DPS-nivå for å realisera føresetnaden om desentralisering i Opptrapningsplanen for psykisk helse.
	01.03.05	Etablering av Helse Vest IKT AS.	Svar på førespurnad sendt 17. mars 2005. I svaret er

		<p>Det er vist til opprettinga av Helse Vest IKT AS og til vedtaket om å tildele selskapet einerett til å levera IKT-tjenester til helseføretaka i regionen.</p> <p>Riksrevisjonen ber mellom anna om ei grunngjeving for kvifor det er gjort unnatak frå føresegna om offentlege innkjøp og om opplysingar om kunngjeringa av eineretten. I tillegg ber Riksrevisjonen om opplysingar om kor mykje tenestar føretaka har kjøpt av Helse Vest IKT AS og om omfanget av tjenester som selskapet leverer til ekstern marknad.</p> <p>Svarfrist: 18. mars 2005.</p>	det gjort greie for dei formelle forhold som det er reist spørsmål om. I tillegg er det gjort greie for omfang av tjenester kjøpt av helseføretaka frå Helse Vest IKT AS og om omfanget av eksterne leveransar.
	31.03.05	Riksrevisjonen ber om konsernbudsjett for 2004, inkludert saksførelegg kor budsjettføresetnader om aktivitetsvekst går fram og saksførelegg knytt til eventuelle styrevedtak om budsjettendringar i 2004. I tillegg ber ein om plan lagt fram for departementet kor Helse Vest konkretiserer dei tiltaka som var naudsynte for å oppnå balanse i 2005.	Svarfrist 18. april 2005.
Statens helsetilsyn	Mars 05	Overbelegg Sandviken sjukehus. Pålegg om å rette forholda ved Sandviken sjukehus.	Svarbrev sendt 29.03.05. Sjå eige punkt under administrerande direktør si orientering pkt. 6.
	04.04.05	Manglande planer for helsemessig og sosial beredskap i spesialisthelsetenesta. Gjennomgang våren 2004 viste at eit fleirtal av helseføretaka i landet ikkje har ferdigstilt eller fått godkjent planer etter lov om helsemessig og sosial beredskap. På denne bakgrunn blir det gjort ein ny kartlegging av status.	Svarfrist 1. mai 2005.
Arbeidstilsynet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Arbeidstilsynet i perioden.		
Datatilsynet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Datatilsynet i perioden.		

Klagenemnda for offentlige anskaffingar	Det er ikkje motteke nokre saker frå KOFA i perioden.		
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		
Dispensasjons- og klagenemnda for behandling i utlandet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Dispensasjons- og klagenemnda i perioden.		

Del 2

Tilsynsmyndighet	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen ⁽¹⁾		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
Statens helsetilsyn	11.03.04	Rapport frå tilsyn med akuttposten, Døgnseksjonen, Haugesund sjukehus.	Det ble ikkje påpeikt avvik.
	14.03.05	Rapport frå tilsyn med Hordaland DPS,	Det blei ikkje påpeikt avvik.
	04.04.05	Klage på behandling – avgjerd i klagesak. Helsetilsynet i Sogn og Fjordane meiner at behandlinga var fagleg forsvarleg, men at transporttida var unødig lang. Dette skuldast mellom anna manglende rutinar hos Helse Førde.	Helsetilsynet i Sogn og Fjordane meiner at behandlinga var fagleg forsvarleg, men at transporttida var unødig lang. Dette skuldast mellom anna manglende rutinar hos Helse Førde. Det er vidare konkludert med at Helse Førde har brote reglane om journalføring. Helsetilsynet i Sogn og Fjordane forventar at Helse Førde i framtida innrettar seg etter gjeldande regleverk.
	06.04.05	Oversending av rapport frå tilsyn med Fødeavdelinga ved Voss sjukehus.	Ved tilsynet blei det påpeikt eitt avvik frå gjeldande regelverk: Dokumentasjon i pasientjournal av at jordmor har vurdert CTG-registreringar og av at lege har informert mor/foreldre etter operative forløysingar, er ofte mangelfull eller fråverande. Helse Bergen v/Voss sjukehus er bedt om skriftleg

			tilbakemelding innan 31.05.05 om kva tiltak som blir sette i verk for å rette opp dette.
Arbeidstilsynet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Datatilsynet i perioden.		
Datatilsynet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Datatilsynet i perioden.		
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	03.05.04	Helse Fonna. Norges Taxiforbund har på vegne av fleire leverandørar påklaga konkurranse med forhandling for sjuketransport. Klagen peiker mellom anna på at forhandlingane ikkje har vore ført i samsvar med regelverket og at innkalla har forsømt grunngjevingsplikta.	Avgjerd føreligg ikkje.
	26.06.04	Helse Førde. Taxi Transport AS deltok i ein anbodstevling for sjuketransport. Det er påpeikt at konkurransegrunnlaget er uklårt, og at tenesta blei utvida etter gjennomført konkurranse samanlikna med det deltarane kunne sjå ut av dokumenta.	Avgjerd føreligg ikkje.
	22.02.05	Helse Bergen. Klager: Sogn og Fjordane Taxi AS. Klager deltok i ein open anbodskonkurranse for sjuketransport. Det er påpeikt i klagen at det ikkje er gitt korrekt grunngjeving, og at det ikkje er gitt tilstrekkeleg innsyn.	Avgjerd føreligg ikkje.
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		